



Barna trivst svært godt på handballtreningane. Her ser vi nokre av dei etter treninga denne veka.

I dag har vi ei skikkeleg gladsak. Det rike aktivitetstilbodet i Uskedalen har fått eit nytt tilbod. Sidan starten av oktober har det nemleg vore handballtreningar i Aktivitetshuset kvar tirsdag mellom kl.17 og 18. Det er Kvinnherad Handballklubb som sår bak tilbodet som er for dei som er fødd i 2011, 1.klassingane.

Kvinnherad Handballklubb tok kontakt med idrettslaget tidlegare i haust og hørde om det var ledig halltid i Aktivitetshuset. Dei ønskte å utvida tilbodet sitt. Denne timen på tirsdagane var ledig, og dermed kom det i gang handballtilbod i Uskedalen. Tilbodet er blitt veldig populært, og no er det ca. 20 born som har det veldig kjekt på trening kvar tirsdag.

Tilbodet er berekna på dei frå Uskedalen og innover. Det er tilbod for same aldersgruppa i ytre luten på Husnes. Mest halvparten av dei unge handballspelarane er her frå bygda, og resten kjem frå Omvikdalen og Rosendal. Dei fleste i 1.klasse i Uskedalen har vore med på tilbodet.

Lene Monsen frå Omvikdalen er primus motor og veldig flink trenar. Ho kjenner vi også som den driftige dama bak Brødskreppa. Det er veldig kjekt når aktivitetstilbodet i bygda vert utvida. Kjekt er det også med samarbeid på tvers av bygdegrensene. Hvis det er fleire barn fødd i 2011 som ønskjer å vera med, er det berre å møta på treningane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Monica Hermann